



Bergen Havn Farvannsforvaltning Iks
Postboks 6040
5892 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/14972 - 21/26920

Saksbehandlar:
Are Frøysland Grande
are.froysland.grande@alver.kommune.
no

Dato:
23.04.2021

Oversender søknad om dispensasjon frå kommunedelplanen for Lindås til uttale - gbnr 70/27 m .fl. Feste

Tiltak: Flytebryggjeanlegg
Byggjestad: Gbnr 70/27 m.fl.
Tiltakshavar: Feste kai- og næringsområde
Ansvarleg søkjar: Knut Willie Jacobsen

Saka gjeld søknad om dispensasjon for etablering av flytebryggjeanlegg på gbnr 70/27 m.fl. på Feste. Tiltaket består av flytebrygge på 116 meter der det i første omgang skal etablerast 26 båsar. I tillegg skal eksisterande brygge for fylling av drivstoff flyttast nokre meter mot nordvest i forhold til eksisterande plassering. Eksisterande flytebrygge skal fjernast.

Det vart i søknad mottatt 02.09.2020 søkt om etablering av anlegget. Tiltaket var i samsvar med reguleringsplan for Feste Kai og næringsområde, planid. 1263-201609 som vart godkjend i kommunestyret i sak 005/20 i møte den 20.02.2020.

Etter klage på planen frå eigar av gbnr 70/5 og 70/19 (1/3 andel) vart saka oversend Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd, jf. oversending datert 19.11.2020. Statsforvaltaren i Vestland oppheva i vedtak datert 25.03.2021 kommunen sitt vedtak om godkjenning av detaljplanen for Feste kai og næringsområde.

Det vert no søkt om dispensasjon frå kommunedelplanen for Lindås 2019-2031 for etablering av flytebrygge i påvente av behandling av endring av reguleringsplanen. Flytebrygga vil verta plassert i samsvar med framlegg til reguleringsplan.

Dei forhold som låg til grunn for Statsforvaltaren si oppheving av reguleringsplanen vil etter kommunen si vurdering ikkje få verknad for omsøkte dispensasjon for etablering av flytebrygge.

Planstatus

Eigedomen ligg i område som i kommunedelplanen for Lindås 2019-2031 er avsett til småbåthamn VS21. Av føresegn 3.5.9 a) til planen går det fram av tiltak som krev søknad og

løyve etter plan- og bygningslova §§ 20-1 og 20-2 skal inngå i reguleringsplan før løyve kan gjevast. Byggegrensa mot sjø føl arealføremålet på land som er hamn, SHA 5.


Situasjonsplan




Ortofoto



Utsnitt av kommunedelplanen



Utsnitt av reguleringsplan med flytebrygge innteikna



Kulturmiljø den indre farleia

Tiltaket ligg innanfor omsynssona H570_oK06 den indre farleia. Søknaden skal i samsvar med føresegn 2.4.2 sendast Vestland fylkeskommune for vurdering av kulturminneinteresser.

Marin verneplan for Lindåsosane og Lurefjorden

Tiltaket ligg innanfor den marine verneplanen for Lindåsosane og Lurefjorden. Statsforvaltaren i Vestland har gitt løyve til etablering av flytebrygga på vilkår i vedtak datert 28.01.2021.

Hamnelova

Tiltaket krev løyve etter Lov om havner og farvann. Bergen Havn farvannsforvaltning IKS har gitt uttale i brev datert 04.03.2021. Uttalen er gitt på bakgrunn av tidlegare planstatus som viste at tiltaket var i samsvar med reguleringsplan.

Vi sender også søknaden til Kystverket og Fiskeridirektoratet på grunn av nærleik til biled og fiskeriinteresser.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon - gbnr 70/27 Feste
Situasjonsplan
kartnyScan__20210226_102822
Forankringsplan Scale 1_750 på A3ark

Kopi til:

Feste kai- og næringsområde	Festevegen 460	5912	SEIM
-----------------------------	----------------	------	------

Mottakarar:

Bergen Havn Farvannsforvaltning Iks	Postboks 6040	5892	BERGEN
Fiskeridirektoratet Region Vest	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Kystverket	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
Statsforvaltaren i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN